

01.12.2023

Sulefisk AS

Redegjørelse etter Åpenhetsloven

Sissel Kråkås



Redegjørelse etter Åpenhetsloven

Innhold

Redegjørelse etter Åpenhetsloven.....	1
Innleiing	2
Organisering, ansvarsområde og retningslinjer	2
Om Sulefisk	2
Forankring av ansvar og ansvarsområde.....	2
Kvalitetstyring og sporing.....	3
Aktsomhetsvurderinger	3
Kartlegging av leverandørkjede	3
Risikobilde	3
Tiltak og resultat	4
Kommunikasjon av arbeidet vårt	4
Kontaktinformasjon	4

Innleiing

Åpenhetsloven av 01.07.2022 skal fremje verksemder si respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i forbindelse med produksjon og levering av tenester.

Sulefisk er omfatta av Åpenhetsloven etter § 3 bokstav a nr 1 og 2. og er såleis forplikta til å kartlegge leverandørkjeda si med omsyn til mellom anna menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Vi skal utføre akt somhetsvurderinger (due diligence) i tråd med OECD sine retningslinjer for fleirnasjonale selskap.

Sulefisk har i sin etiske retningslinjer, Code of Conduct, skissert ein standard for korleis vi skal utøve ansvaret vårt. Denne standarden gjeld selskapet sine styremedlemmar, tilsette, tillitsvalde, verneombod, innleigde eller konsulentar. Den skisserer også våre forventingar til leverandørar og samarbeidspartnarar.

Organisering, ansvarsområde og retningslinjer

Om Sulefisk

Sulefiskkonsernet består av morselskapet Sulefisk Holding AS, stifta 09.02.2013, med datterselskapa Sulefisk AS og Sulefisk Eigedom AS. Styret er det same både i morselskap og datterselskapa. Denne rapporten gjeld for heile konsernet. Den største aktiviteten ligg i produksjonsselskapet.

Sulefisk Eigedom AS, stifta 23.06.2023, driv med forvaltning av fast eigedom, herunder utleige.

Sulefisk AS produserer matfisk i Solund kommune. Selskapet vart stifta i 1984 og har landbase med kontorlokale, kontrollrom, pauserom, garderobefasilitetar, driftshallar, båthamn m.m. på Eide i Solund. Sulefisk har 18 faste tilsette og 1 lærling. Laksen vert seld til eksportør som distribuerer vara vidare i marknaden. Sulefisk verdset høgt lokal verdiskaping i distriktet og fleire av vår leverandørar er såleis tilknytt den geografiske regionen vi er ein del av.

Forankring av ansvar og ansvarsområde

Sulefisk har i sine interne retningslinjer og styringsdokument slått fast ein etisk standard, også kjent som Code of Conduct, for å sikre ansvarleg åtferd for dei som er tilslutta selskapet, uavhengig av rolle. På denne måten forankrar vi ansvaret verksemda vår har for å kartlegge, førebygge og avgrense dei negative konsekvensane drifta vår har for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Sulefisk sine etiske grunnprinsipp gjer oss rusta til å møte forventningar frå kundar, forbrukarar, lokalsamfunn og myndigheter. Vi skal igjennom vår drift legge til rette for rettferdige forhold for tilsette, ansvarleg forretningsåtferd og både økonomisk, miljømessig og sosial berekraft. Prinsippa for ansvarleg åtferd ligg også til grunn for forventingane våre til selskapets leverandørar og samarbeidspartnarar. Vi forventar at desse set seg inn i og føl vår etiske standard.

Verksemda sin administrasjon har, i samarbeid med styret, det overordna ansvaret for akt somhetsvurderingar i samsvar med Åpenhetsloven. Ansvar for gjennomføring av akt somhetsvurderingar ligg hos kvalitetsleder i samarbeid med dagleg leiar.

Sulefisk er medeigar i mellom anna Salmon Group, eit nettverk for små og mellomstore oppdrettarar i Noreg. Som medeigar i Salmon Group realiserer Sulefisk stordriftsfordelar gjennom felles innkjøpsavtalar for selskapa i gruppa. Igjennom sitt mandat har Salmon Group eit særleg ansvar for å forholde seg til leverandørarar og samarbeidspartnarar i samsvar med retningslinjene for ansvarleg åtferd.

Kvalitetstyring og sporing

Sulefisk er Global GAP (inkl. GRASP) sertifisert under akvakulturstandarden. Dette er ein frivillig internasjonal standard som omfattar alle ledd i produksjonen og tek i vare matvaresikkerheit, miljøpåverking, dyrevelferd og arbeidarane si helse og sikkerheit, både internt i eiga verksemd og hjå våre underleverandørar.

GRASP-delen av sertifiseringa er eit eige sosialt spekter av standarden og sikrar at verksemda leve opp til ILO sine kjernekonvensjonar for menneskerettar. Etterleving av prosedyrar vert sjekka under ekstern Global GAP.

Aksomhetsvurderingar

Kartlegging av leverandørkjede

Sulefisk gjennomfører aksomhetsvurderingar av verksemda vår og av leverandørkjeden vår. Størsteparten av våre innkjøp kjem fra norske leverandørar, men fleire av leverandørarne våre er internasjonale selskap med forgreiningar til ulike land gjennom hovudkontor, datterselskap, avdelingar og leverandørar. Desse vil i større grad utgjere ein større risiko enn lokale verksemder i Noreg med regulerte lover og forskrifter både i forhold til menneskerettar, HMS, arbeidsforhold, organisering og rapportering.

Salmon Group gjennomfører aksomhetsvurderingar av dei leverandørane dei framforhandlar avtalar på vegne av eigarane av selskapet. Leverandørane vert klassifisert i kategoriane lav, medium og høg risiko. Kriteria for denne klassifiseringa omfattar mellom anna landrisiko, bransjerisiko, samt moglegheit til å påverke leverandøren i positiv retning. Klassifiseringa av leverandørar dannar utgangspunkt for vidare oppfølging.

I samarbeid med Salmon Group er Sulefisk tilslutta systemet Ignite for å imøtekomme Åpenhetslova. Dette systemet vart tatt i bruk juni 2023 og vil handtere leverandørane våre. Systemet vil sikre god og tett oppfølging av verdikjeda vår.

Risikobilde

Avtalar Salmon Group framforhandlar er knytt til kjerneområde for Sulefisk si drift. Det er framforhandla innkjøpsavtalar med 18 ulike leverandørar. Dette er avtalar Sulefisk nyttar seg av og det er derfor naturleg for oss å nytte dei aksomhetsvurderingane Salmon Group gjennomfører også som grunnlag i verksemda vår. Dette gjeld leverandørar av fiskefôr, vaksiner, rogn, telefon, oksygengass, sertifisering, analyse og diverse forbruksmateriell.

Innanfor dei ulike produktkategoriane er leverandør av fiskefôr vurdert med høgast risiko. Fiskefôr består av fleire råvarer, inkludert fiskemjøl, fiskeolje, mikroalgar og soya. Fleire av desse råvarene, spesielt soya, har kjente risikoar knytt til belastning av naturresursar og dårlige arbeidsforhold hos bøndene.

Det er i lang tid arbeida målretta med å oppnå eit berekraftig fôr gjennom Salmon Group sin fôrrezept, både med omsyn til påverknad på miljø, klima, menneske og samfunn. Langsiktige kontraktar med seriøse leverandørar gjev oss innsikt i våre leverandørar sine underleverandørar og vert frå Salmon Group si side følgt opp gjennom revisjonar. Dette arbeidet har og vil fortsette å bidra til å redusere risikoene knytt til dette produktet.

Det er så langt ikkje identifisert negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar i verksemda vår eller leverandørkjeden vår.

Tiltak og resultat

Sulefisk kjem til å arbeide vidare med å kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvensar, samt iverksette eigna tiltak for å stoffe og førebygge negative konsekvensar av vår drift. Vi vil i tida framover jobbe med å registrere og kontrollere nye og eksisterande leverandørar i Ignite.

Sulefisk støttar Salmon Group sitt arbeid opp mot leverandørar og framforhandling av avtalar. Dette er særskilt viktig då dei forhandlar på vegne av ei stor gruppe innkjøparar og har dermed ei ikkje-ubetydeleg påverkingsmoglegheit og kan over lengre tid jobbe med tiltak for å forbetre forhold i leverandørkjeda.

Kommunikasjon av arbeidet vårt

Sulefisk vil kommunisere våre rutinar for aktsomhetsvurdering, kva tiltak som er gjennomført for å kartlegge og handtere faktiske eller potensiell negativ påverking inkl. funn og resultat av desse aktivitetane på våre heimesider og i vårt interne kvalitetssystem.

Kontaktinformasjon

Ved spørsmål om Sulefisk sitt arbeid knytt til Åpenhetsloven kan du ta kontakt via kontaktskjema på heimesida vår www.sulefisk.no eller skriftleg på e-post post@sulefisk.no. Ansvarlege for arbeid knytt til Åpenhetsloven i Sulefisk er kvalitetsleiar og dagleg leiar.

Eide 01.12.2023

For styra i Sulefisk Holding og Sulefisk AS



Jan-Emil Johannessen
Styrelseleiar



Øystein Espeland
Styremedlem



Eivind Espeland
Styremedlem



Michael Niesar
Dagleg leiar
Sulefisk AS